

Saksutredning:

MELDINGER TIL VESTLANDSRÅDETS MØTE 16.09.2013

Trykte vedlegg:

Vedlegg 1: KR D svar på VR-uttalelse st.m 13 (2012-2013), Ta heile Noreg i bruk

Vedlegg 2: Svar fra SD ang spm. om møte fylkesvegferjekostnader, 020713

Vedlegg 3: Svar fra SD (kopi) møte om fylkesvegferjer (I)(937659), 080813

Utrykte vedlegg:

M-sak 7/13 Referat fra telefonmøte i AU 130613

Referat fra telefonmøte i AU 13. juni 2013 (kl 1000-1055)

På møtet deltok fylkesordførerne Kjelsnes og Aasen samt fylkesvaraordførerne Halleland og Haugland Hellesnes. Dessuten var fylkesrådmann Tore Eriksen med.

AU-sak 12/13 Notat om internasjonalt arbeid

Dette notatet ønsker å reise spørsmålet om den videre satsingen på internasjonalt arbeid ut fra Vestlandsrådets ståsted. På Vestlandsrådets møte 130513 ble ikke internasjonalt arbeid framhevet som et viktig satsingsområde. På møtet i Vestlandsrådet 080213 i sak VR-sak 4/13, ble internasjonale strategier behandlet, men hvor kun punkt om representant til Europapolitisk forum ble votert over. Det antas at bakgrunnen for dette var at de enkelte fylker ikke var ferdig med sitt interne arbeid på området og at det derfor ikke var «modent» nok for et vedtak i Vestlandsrådet for en felles strategi.

Under er det vist til to eksempler på noe forskjellige «internasjonale» saker:

Sak: VR-4/13

MULIGHET FOR SAMORDNING AV DEI INTERNASJONALE STRATEGIANE PÅ VESTLANDET

Det ble protollert:

Jon Aasen foreslås som Vestlandsrådets representant i Europapolitisk forum.

Innstilling:

- *Vestlandsrådet vil søkje ei samordning av konkrete tiltak innan det internasjonale arbeidet i dei einskilde fylkeskommunane der dette er formålstenleg.*

Vestlandsrådet

- Vestlandsrådet utnemner _____ som Vestlandet sin representant i Europapolitisk forum.
- Vestlandsrådet ber om at det vert gjennomført eit forprosjekt for å vurdere muligheita for ei samordning av tiltak på Vestlandet i høve til BRIKS-landa (Brasil, Russland, India, Kina, Sør-Afrika) inkludert ein felles plan for kompetanseauke på BRIKS og liknande vekstøkonomiar.
- Vestlandsrådet vil be Vest-Norges Brusselkontor og Stavangerregionens Brusselkontor om å utforme eit forslag til kompetanseplan for EU/EØS-kompetanse

Votering:

Det ble kun votert over forslaget på Jon Aasen til Eurpapoltisk forum. De andre forslagene ble ikke tatt opp.

Vedtak:

Vestlandsrådet utnemner Jon Aasen som Vestlandet sin representant i Europapolitisk forum.

Det kan også vises til vedtak i sak:

VR-sak 17/12

VESTLANDSRÅDET OG EIN MULEG KINA-STRATEGI FOR VESTLANDET

Innstilling:

1. Vestlandsrådet tek rapporten til orientering.
2. Vestlandsrådet vil støtte opp om det eksisterande "Norsk Regionalt Kina-forum" for koordinering og erfaringsutveksling mellom fylka. Ein vil også vise til arbeid dreve i regi av andre aktørar mellom anna Greater Stavanger og Business region Bergen/Bergen næringsråd.

Det ble protokollert:

Ruth Grung fremmet følgende forslag til nytt punkt 3:

"Vestlandsrådet ser det som strategisk viktig å utvikle språklig og kulturell kompetanse om Kina. Tilbudet om opplæring i kinesisk må styrkes på alle utdanningsnivå i hele regionen.

Vestlandsrådet ber om å få en sak som skisserer en strategi for å øke interessen for kinesisk og for hvordan tilbudet kan utvides."

Votering:

Fylkesrådmannens forslag med tilleggsforslag ble vedtatt enstemmig.

Vedtak:

1. Vestlandsrådet tek rapporten til orientering.

Vestlandsrådet

2. Vestlandsrådet vil støtte opp om det eksisterende "Norsk Regionalt Kina-forum" for koordinering og erfaringsutveksling mellom fylka. Ein vil også vise til arbeid dreve i regi av andre aktørar mellom anna Greater Stavanger og Business region Bergen/Bergen næringsråd.
3. Vestlandsrådet ser det som strategisk viktig å utvikle språklig og kulturell kompetanse om Kina. Tilbudet om opplæring i kinesisk må styrkes på alle utdanningsnivå i hele regionen.

Vestlandsrådet ber om å få en sak som skisserer en strategi for å øke interessen for kinesisk og for hvordan tilbudet kan utvides.

Fylkesrådmannen regner med at internasjonalt arbeid fortsatt er et viktig område for Vestlandsrådet slik det har foregått gjennom Nordsjøkommisjonen, Interreg-samarbeid, NORA, EU/EØS og også med retning land i Asia. Politisk plattform vedtatt i oktober 2012 gir også sterke føringer for viktigheten av dette arbeidet. Eksemplene ovenfor viser også et bredt saksområde innen det internasjonale feltet. Det oppfattes at Vestlandsrådet fortsatt ønsker å ha sterkt fokus på relevante saker, men med noe mer begrenset saksbredde.

Varamedlem til Europapolitisk forum

Det har over lang tid blitt tatt opp spørsmål om en bør ha et varamedlem til Europapolitisk forum når det faste medlemmet er forhindret fra å delta. For å sikre Vestlandsrådets deltaking på møtene fremmer fylkesrådmannen forslag på slikt medlem som må være en politiker. Det foreslås at Åshild Kjelsnes innkalles i Jon Aasens fravær. Om AU ønsker det, så kan saken fremmes for Vestlandsrådet.

Forslag til vedtak:

1. Notatet tas til orientering
2. Åshild Kjelsnes møter som varamedlem i Europapolitisk forum i Aasens fravær

Vedtak:

1. Notatet tas til orientering
2. Administrasjonen vurderer de enkelte fylkeskommuners internasjonale strategier som basis for eventuelt å fremme en felles internasjonal strategi for Vestlandsrådet.
3. Åshild Kjelsnes møter som varamedlem i Europapolitisk forum i Aasens fravær.

AU-sak 13/13 Vestlandsk Vidsyn

Bakgrunn

Vestlandsrådet har mottatt et brev fra Møre og Romsdal fylkeskommune hvor det skrives at programkomiteen vil foreslå at Vestlandsrådet tar eierskap til konferansen Vestlandsk Vidsyn. Brevet er vedlagt.

Vestlandsrådet

Saksframlegg

Vestlandsk Vidsyn startet som et initiativ fra Distriktsenteret, avdeling Sogndal, og blir arrangert som et samarbeid mellom fylkeskommunene Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland. Rogaland fylkeskommune ble en del av fellesskapet i 2013 og er invitert til å være vertskap i 2014.

Konferansen startet i 2011 med konferanse på Voss, så i Nordfjordeid i 2012 og Ålesund i år. Initiativet til konferansen springer ut av det regionale nettverket rundt LUK (Lokal samfunnsutvikling i kommunene), som er en satsing i fylkene og koordinert av Kommunal- og regionaldepartementet. Den skal inspirere kommunene til å drive lokalt utviklingsarbeid. Bygdeutvikling er knyttet til dette. Fylkesmennenes landbruksavdelinger er derfor med på samarbeidet om konferansen.

Konferansen er et møtested for politikere, lokale utviklere og lokalt næringsliv. Hensikten er å motivere til å se lokalsamfunnets muligheter og hvordan lokale krefter kan bidra til utvikling.

Vestlandsk Vidsyn er ikke en fast organisert enhet med eget sekretariat. Økonomien baseres på at hver fylkeskommune støtter arrangementet med kr 100 000. Den baseres på en programkomite, som ledes av vertskapsfylket, og fylkeskommunene som på omgang arrangerer konferansen.

Det foreslås at Vestlandsrådet skal ha «eierskap» til Vestlandsk Vidsyn. Det kan tolkes på ulike måter:

1. At ansvaret for at konferansen blir arrangert skal ligge hos Vestlandsrådet. Det betyr økonomisk ansvar, ansvar for at program blir laget, ansvar for lokalleie, ansvar for utlysing og registrering av deltakere osv.
2. Det kan også bety at Vestlandsrådet har ansvaret for å sette ut oppdragene til programkomiteen, at fylkeskommunen praktisk arrangerer konferansen og tar på seg alt praktisk og økonomisk ansvar som i dag.

Sekretariatet i Vestlandsrådet består i praksis av en person, lederen. Den ressursen er svært begrenset og brukes i dag til å koordinere møter og saksforberedelse, oppfølging av henvendelser, gjennomføre ad-hoc konferanser/reiser/kampanjer, følge opp saker internt og overfor myndighetene osv.

Framover er det etter fylkesrådmannens mening viktig å skaffe tid for sekretariatet til å følge opp saker som rådet har behandlet. Sekretariatet bør derfor ikke pålegges arbeidsoppgaver som tar mye tid, som det er å arrangere en årlig konferanse. Det er også riktig å nevne at Vestlandsrådet ikke skal ha ansvaret for større, her repeterende, prosjekter, men drive politisk, strategisk arbeid.

Det er også viktig å minne om at Vestlandsrådet allerede er i formelt samarbeid med Vestlandskonferansen og at det er behov for å legge mer engasjement i denne fra rådets og sekretariatets side.

Vestlandsrådet

Fylkesrådmannen kan se at Vestlands Vidsyn dekker viktige politikkområder for Vestlandet. Det er likevel et viktig spørsmål om Vestlandsrådet skal eie dette med det formelle ansvaret det betyr og dernest de praktiske og ressursmessige konsekvenser som normalt følger en slikt arrangement. Slik den administrative ressursen er i dag i Vestlandsrådet vil ikke fylkesrådmannen anbefale at Vestlandsrådet tar eierskap til Vestlandsk Vidsyn.

Forslag til vedtak:

1. AU anbefaler ikke i nåværende situasjon at Vestlandsrådet tar over ansvar og eierskap til Vestlandsk Vidsyn.
2. AU stiller seg positiv til å bidra til innholdsutvikling og programarbeid, på liknende vis som det foregår i forbindelse med Vestlandskonferansen.

Vedtak:

Enstemmig i tråd med forslag til vedtak

AU-sak 14/13 Vestlandsrådet og partnerskap

Bakgrunn

Det har ved flere anledninger blitt tatt opp nødvendigheten og behovet for at Vestlandsrådet knyttes opp mot partnere og nettverk. Sist var det et viktig tema under Vestlandsrådets møte i Loen under første dags debatt. Et nettverk bidrar til at Vestlandsrådet gis nye innflytelseskanaler samtidig som det åpner for andre muligheter til å skaffe kunnskap og være «nær på» virkeligheten. Et partnerskap bør være formalisert gjennom en avtale som beskriver gjensidige forpliktelser og forventninger.

Saksframstilling

Vestlandsrådet bør ikke være med i mange nettverk eller partnerskap. Det er ikke fornuftig ut fra ønsket om færre saksfelt og mer spissing av sakene. På bakgrunn av debatten i Loen og senere tids erfaringer bør partnerskap knytte seg til næringer og innovasjon/FoU. Det synes å være relativt få etablerte organisasjoner som dekker hele Vestlandet, a la Næringsforum Vest, som Vestlandsrådet kan søke samarbeid med.

Fiskeriforum Vest har brei dekning innen marint felt som er et viktig saksfelt. Det beskriver seg selv slik:

- «Stiftelsen Fiskeriforum Vest (FFV) er en regional marin næringsorganisasjon som har som sin viktigste rolle å bidra til en kompetansebasert næringsutvikling og styrke samhandling regionalt mellom myndigheter, næringsliv og forskningsmiljøene.
- Stiftelsen er også et policyorgan for Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune på saker som angår marin næringspolitikk. Fiskeriforum Vest skal initiere og koordinere samhandlingstiltak som bidrar til økt verdiskapning for de marine næringsaktører og forskningsmiljøer i Vestlandsregionen, og samtidig være

Vestlandsrådet

en pådriver både nasjonalt og internasjonalt i saker innenfor vekst, utvikling, nyskaping, samarbeid og informasjonsutveksling som angår sjømatnæringen i landsdelen.

- Fiskeriforum Vest samarbeider med [Norsk Sjømatsenter](#) innenfor forsknings og utviklingsprosjekter mellom næring og kunnskapsmiljøene.»

Det kan synes naturlig å undersøke muligheten for et samarbeid med disse.

Maritimt Forum har aktivitet i hele det området som dekkes av Vestlandsrådet. I deres beskrivelse finner en uttalt:

- «Norge er bygd på maritim kunnskap og kompetanse. Det er en selvsagthet at det i fremtiden også skal drives maritim næring i Norge. Konkurransen fra det internasjonale markedet krever derimot at det da legges gode rammevilkår til grunn for næringen.»

Dette vil gi like konkurransevilkår og dermed bedre driftsgrunnlag for hele klyngen. Et av Norges største fortrinn er nettopp klyngemekanismen. De maritime regionene består av komplette klynger som gir et unikt samspill hvor muligheter, innovasjon og verdiskapning oppstår. Dette må en ivareta.

Hvordan bidrar Maritimt Forum til en gunstig næringspolitikk?

- Synliggjør næringen, dens verdiskapning og ringvirkning, for lokale og sentrale politikere
- Deltar aktivt i høringsprosesser
- Skriver pressemeldinger på vegne av klyngene i saker som er av særdeles viktighet for næringen
- Fungerer som kontaktpunkt mellom næring og politikk
- Innhenter faktagrunnlag som er viktig i kartleggingen av næringen og de positive ringvirkninger den har for landet
- Driver aktivt informasjonsarbeid mellom aktører i klyngen og til aktører utenfor klyngen»

Ut fra Vestlandsrådets prioriteringer vil det være naturlig å vurdere nærmere samarbeid med Maritimt Forum.

FoU, universitet og forskning

Så langt undersøkt, så finnes det ingen felles samarbeid på langs av Vestlandet som dekker innovasjon og forskning. Det finnes UH-nett og muligens andre som dekker deler av området. Det finnes også regionale forskningsfond som kan være med i byggingen av et partnerskap. Samtaler tyder også på at der er interesse innenfor forskningsfeltet for å utvikle samarbeid på langs av Vestlandet.

Administrasjonen er også kjent med at flere FoU- institusjoner på Vestlandet nå utarbeider fellessøknader rettet mot Norges forskningsråd sin tredje VRI-runde. De søker et tett samarbeid for å mobilisere til forskningsbaserte utviklingsprosesser i bedrifter, offentlige virksomheter, nettverk og regioner. En viktig målsetting er å styrke de regionale innovasjonssystemene. Relevant kunnskapsutvikling og utveksling av kunnskap mellom aktørene, er en forutsetning for en positiv utvikling

Vestlandsrådet

på Vestlandet. Administrasjonen ønsker derfor å starte opp et tettere strategisk samarbeid med FoU-miljøene gjennom blant annet i å bidra til en god dialog mellom aktørene.

FoU er en forutsetning for videreutvikling av Vestlandets næringsliv. Det foreslås derfor at det undersøkes videre for å skape et formelt samarbeid mot forskingsmiljøene på Vestlandet. Vestlandsrådet vil bidra til å utvikle et felles ståsted for FoU-miljøene.

For Vestlandsrådet har samferdsel vært et av de viktigste saksområdene. Det hadde derfor vært naturlig at det ville vært et samarbeid mot en «samlende» samferdselspolitisk interesseorganisasjon på Vestlandet. Så langt en kjenner til så finnes ikke det.

Forslag til vedtak

1. I tillegg til samarbeidet med Næringsforum Vest tas det kontakt med Fiskeriforum Vest og Maritimt Forum med hensikt å opprette et formalisert samarbeid/partnerskap med disse.
2. Det tas kontakt med FoU-miljøene på Vestlandet med målsetting å utvikle et formelt samarbeid/partnerskap med Vestlandsrådet.

Vedtak:

1. I tillegg til samarbeidet med Næringsforum Vest tas det kontakt med Fiskeriforum Vest og Maritimt Forum med hensikt å opprette et samarbeid.
2. Det tas kontakt med FoU-miljøene på Vestlandet med målsetting å utvikle et samarbeid med Vestlandsrådet.

Spørsmål:

Mona Haugland Hellesnes etterlyste en skriftlig oppfølging etter drøftingene Vestlandsrådet hadde 130513 om Vestlandsrådets arbeid. Sekretariatsleder sa at arbeidet er i gang og at en ønsket innspill/reaksjoner, om slike finnes, til dette arbeidet. En vil komme tilbake til saken på høstparten.

M-sak 8/13 Diverse svar fra myndighetene

Det er vedlagt kopier av svar på henvendelser fra Vestlandsrådet til diverse departementer.

M-sak 9/13 Notat angående sak om «Marin strategi for Vestlandet»

Det forberedes en sak til Vestlandsrådets møte 3. desember 2013. Notatet beskriver innholdet i strategidokumentet.

NOTAT

Vestlandsrådet

FRÅ: VestMarin

TIL: Odd Erik Hansgaard

Framlegg til prosess for «Marin Strategi for Vestlandet».

Bakgrunn og status

Vestlandsrådet (VR) har fått utarbeidd rapporten «*Den maritime næringen på Vestlandet*» som samlar og presenterer nøkkeltal for marin og maritim sektor. Her kjem det fram at nær 57 % av all omsetnad i Noreg kjem frå dei fire Vestlandsfylka.

Fiskeri og kystdepartementet la fram St. Melding 22 «*Verdens fremste sjømatnasjon*» den 22. mars 2013. Denne omhandlar rammevilkåra for å vidareutvikle norsk sjømatnæring. Vestlandsrådet har gitt innspel i prosessen fram mot meldinga og har i den samanheng vore oppteken av at det også vert lagt til rette for vidare utvikling av marin sektor på Vestlandet, slik at regionen framleis kan halde fram som ein internasjonalt leiande sjømatregion.

Vestlandsrådet var i samband med «*Hav 21*» oppteken av styrking av FoU, kompetanse og utdanning på Vestlandet. Vidare er rekruttering, vegsamband og sjøtransport, berekraftig havbruk, mattryggleik og areal stikkord for dei viktige føresetnadar for utvikling av sjømatnæringa på Vestlandet.

Det er viktig at vi på bakgrunn av prosessane nemnd over, finn element det er viktig for Vestlandet å bygge vidare på for å bidra til å vidareutvikle den marine næringa vår. Vi vil gjennom arbeidet med strategien søke å finne slike element der Vestlandsrådet kan ha ei rolle i å ta intensjonane frå dei ulike meldingane og rapportane vidare.

Mål

Med bakgrunn i element som det vil vere viktig for Vestlandsrådet å følgje opp frå Stortingsmelding 22 om sjømat, rapporten «*Den maritime næringen på Vestlandet*» og «*Hav 21*» skal det utarbeidast ein **Marin Strategi for Vestlandsrådet sitt engasjement for marin sektor og sjømatnæringa**.

Leveranse:

Strategien vil vere eit kortfatta dokument (om lag 2 sider) med overordna innsatsområde eller tema basert på signal som Vestlandsrådet tidlegare har gjeve gjennom ulike prosessar. Strategien vil og, så langt som råd er, syne ansvar og metode for oppfølging.

Organisering

Vi legg opp til i utgangspunktet å nytte den etablerte administrative samarbeidsgruppa VestMarin (med deltaking av fylkeskommunane, Innovasjon Norge og FHL). Arbeidsgruppa vil i møtet i august vurdere om det er føremålstenleg med proseshjelp og/eller fagleg bistand.

Vestlandsrådet

Eit utkast til strategien vil bli sendt ut til ei referansegruppe med representantar frå næring, forvaltning, kunnskapsmiljø og nettverksorganisasjonar for å sikre arbeidet sin kvalitet undervegs.

VestMarin vil rapportere til Næringsgruppa for Vestlandsrådet som styringsgruppe for dette arbeidet.

Økonomi

Vestlandsrådet har løyvd kr. 150 000,- til arbeidet. Oversyn over nytta midlar vil følgje som vedlegg til politisk sak.

Plan for framdrift av arbeidet

27.- 28. august	1. arbeidsmøte i arbeidsgruppa VestMarin
Vestlandsrådet 16. september	Godkjenning av prosessnotatet (dette dokumentet)
Ultimo september	1. utkast ferdig
September- november	Høyring, forankring i næring, FoU og forvaltning
Primo november	Handsaming i næringsgruppa for VR, evt justeringar
Medio november	Ferdig utkast til saksframlegg til sekretariatet for VR
3. desember 2013	Godkjenning i Vestlandsrådet.

M-sak 10/13 Oppdatering av nøkkeltal for maritime og marine næringer

Vestlandsrådet har fått utarbeidd tre årgangar av nøkkeltal for dei maritime og marine næringane på Vestlandet; 2008, 2009 og 2010. Nøkkeltala omfattar tal tilsette, omsetnad, resultat, verdiskaping og tal føretak per bransje. Tala for 2010 blei utarbeidd våren 2012 og er presentert i ein rapport med nøkkeltal og utviklingsrekk. I leveransen inngår ein flash-applikasjon med interaktiv visualisering, databasefil med detaljerte data for alle selskapa, PowerPoint presentasjon med figurer og grafar frå rapporten, og ein kortrapport.

På bakgrunn av dette gjorde Vestlandsrådet følgjande vedtak (sak 24/12): «Vestlandsrådet er nøgd at det no er kome ein revidert versjon basert på 2010 tala, av rapporten «Den maritime næringen på Vestlandet». For å få full nytte av nøkkeltala/databasen skal den oppdaterast kvart år. Det gjeld også både kortversjonen og den interaktive presentasjonen. Det vert avsett kr 100 000, per år til årleg oppdatering.

Som oppfølging av dette vedtaket blei oppdraget sett ut på anbod våren 2013. Hordaland fylkeskommune v/ Analyse, utgreiing og dokumentasjon hadde ansvar

Vestlandsrådet

for anbudsprosessen. Ideas2evidence, som også har levert tidlegare årgangar, vann anbuds konkurransen, og skal oppdatere nøkkeltala over ein treårsperiode.

Pris for leveransen er 110.000 kroner. Det er også lagt inn ei prisstiging på 4 % for kvart år. Det som er lagt til grunn er at datasettet først blir oppdatert med 2011-data og at dette blir levert 1. oktober 2013. Anbudsprosessen har vore krevjande og tatt lang tid. Derfor kommer oppdateringane seint dette året. Dei påfølgjande åra vil derimot nye oppdateringar bli levert så snart data er tilgjengeleg i Brønnøysundsregisteret, dvs. 2012-data blir levert 1. februar 2014 og 2013-data blir levert 1. februar 2015.

Det er inngått ein rammeavtale med leverandøren med varighet over tre år. Det betyr at vi ikkje er forplikta til å bestille oppdateringar kvart år hos denne leverandøren, men vi kan ikkje bruke andre leverandørar.

Nøkkeltala som blir levert denne hausten vil bli lagt ut på Vestlandsrådet sine nettsider og distribuert ut til dei fire fylkeskommunane, men sidan vi har kome så langt ut på året vil vi ikkje gjere noko meir ut av dette. Desse tala er likevel viktige for å få fulle tidsserier og dermed kunne følgje utviklinga over tid.

Ideas2evidence må ha beskjed seinast 1. oktober om Vestlandsrådet ønskjer 2012-datasettet levert 1. februar 2014. I samsvar med Vestlandsrådet sitt vedtak vil vi bestille denne oppdateringa. Nøkkeltala vil då vere så «ferske» som det er mogleg å få dei og vi vil då kunne gå meir offensivt ut og presentere desse.

Business Region Bergen er også kontraktpartner. Dei har tilsvarande datasett for alle sine prioriterte næringer. Business Region Bergen har uttrykt at dei ønskjer å oppdatere nøkkeltala kvart år i denne treårsperioden.

Vi vil kome tilbake til Vestlandsrådet i 2014 med ny sak vedkomande oppdatering av nøkkeltala i forkant av ein ny anbudsperiode, der vi ser på frekvensen på oppdateringa basert på korleis tala er blitt brukt denne perioden, dvs. om vi framleis skal ha oppdatering kvart år eller om det er tilstrekkeleg å gjere ei slik oppdatering annakvart år.

M-sak 11/13 Mangfold av vinnere-næringspolitikken mot 2020

1. Bakgrunn

Regjeringen la i juni 2013 fram stortingsmelding 39 (2012-2013), Mangfold av vinnere. Næringspolitikken mot 2020. I denne saka ønskjer ein å få vurdert betydninga for våre fylke - korleis utnytter vi forslaga og kva retning tek næringspolitikken. Kva kan Vestlandsrådet bidra med i den samanheng.

2. Nærare omtale av meldinga Målsettingar

Vestlandsrådet

Arbeid til alle er regjeringa sitt viktigaste mål i den økonomiske politikken. For å skape full sysselsetting og god velstandsutvikling er det heilt nødvendig med eit mangfald av bedrifter som lukkast, og som bidreg til ei sterk verdiskaping. Regjeringa vil føre ein brei og aktiv næringspolitikk der næringsdimensjonen har ein viktig plass i alle politikkområder som legg rammer for næringslivet. Miljøomsynet er løfta fram til ein overordna dimensjon.

Meldinga løftar fram dei to næringane IKT og helse- og velferdsteknologi som viktige næringar for Norge. I tillegg får tre andre viktige næringar brei plass i meldinga; varehandel, bygg- og anlegg og transportnæringa. Dette er næringar som spelar ei viktig rolle i både sysselsetting og verdiskaping.

Regjeringa slår fast at målet er at Noreg framleis skal vere ein industrinasjon. Omstillingsevne er ein annan hovuddimensjon ved næringsmeldinga. Ein viktig strategi for eit omstillingsdyktig næringsliv er å ha eit mangfald av bedrifter i ulike næringar, også i industrien. Regjeringa slår fast at det er viktig å utnytte Norges fulle potensiale. Då må heile landet takast i bruk.

Meldinga legg stor vekt på den internasjonale utviklinga og den aukande betydninga internasjonalisering av næringslivet har for norsk økonomi og sysselsetting. Det meste av veksten foregår utanfor Europa. Asia, Sør-Amerika og Afrika vert viktigare arenaer for norsk næringsliv, både når det gjeld handel, investeringar og produksjonskjedar. Norske bedrifter er stort sett små i verdsomsetning, men dei kan vere store i dei nisjene dei opererer. Norsk økonomi har vist god evne til å plassere både arbeidsfolk og investeringar der lønsemda er størst.

For å oppnå den overordna målsettinga om høgast mogleg samla verdiskaping og arbeid til alle vektlegg regjeringa følgjande fem delmål:

- 1. Høg omstillingsevne i næringslivet og gode strukturar for omstillingsolidaritet.**
Viktige element er utdanning og bruk av arbeidskraft, evne til innovasjon og vår evne til å foreta nødvendige endringar når det er behov for det.
- 2. Stabile, forutsigbare og næringsvennlege rammevilkår i den breie næringspolitikken.**
Det vert lagt vekt på summen av rammevilkår som er avgjerande for at vi skal legge best mogleg til rette for framtidig velferd.
- 3. Eit næringsliv som møter dei store utviklingstrendane med lønsemd og vekstkraft.**
Mellom dei viktigaste utviklingstrekka er den auka deltakinga i verdshandelen til dei framveksande økonomiane, som Kina, Brasil og India.
- 4. Eit sterkt næringsliv innafor klynger og område med stort verdiskapingspotensial der vi har særleg fortrinn.**
Det er særleg lagt vekt på potensialet som ligg i maritime næringar, energi, miljø, reiseliv og marine næringar.
- 5. Eit sterkt regionalt næringsliv som bidreg til at heile landets ressursar og verdiskapingspotensial vert utnytta best mogleg.**
Norge har eit relativt spredt busettingsmønster. Naturressursbaserte næringar ligg i fleire landsdelar og ulike regionar har ulike kjenneteikn. Ei god regional

Vestlandsrådet

næringsutvikling har som føresetnad at dei verkemiddell som vert brukt, bidreg positivt til verdiskaping og at lønsame bedrifter kan byggast opp.

Satsingsnæringar

Regjeringa legg opp til følgjande satsingsområde

- 1. Energi**
 - 1.1 Olje- og gassnæringa – i eit langsiktig perspektiv
Teknologisk utvikling
 - 1.2 Fornybar energi
Forsking på klimautfordringane er mellom dei største utfordringane verden står over for.
 - 1.3 Leverandørindustrien
Vidareutvikle kompetansen
- 2. Maritim verksemd**
- 3. Marine næringar**
 - 3.1 Havbruksnæringa
 - 3.2 Sjømatindustrien
 - 3.3 Marint kunnskapsløft
 - 3.4 Marin bioteknologi og bioprospektering
- 4. Reiseliv**
- 5. IKT**
- 6. Helse- og velferdsteknologi**
 - 6.1 Helse- og omsorgssektoren som etterspørjar
 - 6.2 Morgondagens omsorg
 - 6.3 Styrka samarbeid mellom helse- og omsorgssektoren og næringslivet
 - 6.4 Legemiddelindustrien
 - 6.5 Helseforsking og innovasjon
 - 6.6 Folkehelse
- 7. Varehandel**
- 8. Bygge- og anleggsnæringa**
- 9. Transportnæringa**

Strategiar for spesifikke områder

1. Mineralnæringa
2. Kulturæringa
3. Romteknologi
4. Tre- og skognæringa

Ein brei og aktiv næringspolitikk

Regjeringa sitt mål er at alle politikkområder også skal bidra til å bygge opp under målsettinga om arbeid til alle og ei sterk økonomisk utvikling.

1. Arbeidskraft
Gode velferdsordningar og arbeidsmarknadstiltak kan skape større tryggleik for den enkelte i arbeidsmarknaden. Innovasjon, entreprenørskap og nyskaping kan bli lettare å velje når ein ikkje risikerer å miste alt dersom ein mislukkast.
2. Kunnskap og kompetanse

Vestlandsrådet

- Ny teknologi, nye arbeidsformer og nye produksjonsprosessar gjer at mange arbeidsoppgåver vert meir anvanserte og kunnskapsintensive.
3. Forsking og kommersialisering
Regjeringa har som mål å stimulere til næringsrelevant forskning og til å auke bruken av kunnskap i næringslivet.
 - 3.1 Strategi for bioteknologi
Det er viktig å få utløyst potensialet som ligg i vår forskingsbasis slik at den kan få fram både nye produkt og prosessar og fornye dagens gjennom så vel nyetableringar som eksisterande bedrifter.
 - 3.2 FoU- for nanoteknologi
Gjennom nanoteknologi kan vi utforske og utnytte naturens atom og molekylar som byggesteinar. Dette skapar nye teknologiske moglegheiter og opner mellom anna for skreddarsydde material med nye eller forbetra eigenskaper.
 4. Næringsklynger
Regjeringa prioriterer og vidareutviklar våre fortrinn på område der vi har naturgjevne føresetnader, kompetanse og ekspertise, og der vi allereie har utvikla leiande klynger og teknologimiljø.
 5. Gode rammevilkår for små og mellomstore bedrifter.
Det vert satsa på forenkling, kapital, innovasjon og FoU, kompetanse, internasjonalisering, eierskifte, offentlege innkjøp og industrielle rettigheter.
 6. Miljøteknologi
Det er behov for utvikling og bruk av ny teknologi. Denne miljøteknologiske utviklinga vil samstundes gje grunnlag for ny næringsverksemd.
 7. Innovasjon og produktivitetsvekst
Regjeringa sitt mål er å styrke innovasjonsevna slik at den bidreg til størst mogleg samla verdiskaping.
Innovasjonsarbeidet skal bygge på ein samfunnsmodell med tryggleik og tillit og som styrkjer innovasjonsarbeidet både i næringslivet og i offentlig sektor. Immaterielle rettigheter i ein internasjonal utviklingsmarknad fører til behov for kompetanse og bevisstheit om handtering av slike rettigheter.
Systematisk satsing på Design er del av verktøykassa i innovasjonsprosessar.
Samarbeid mellom små og store bedrifter skaper vinn-vinn situasjon. Eit godt samarbeid mellom oppstartsbedrifter og etablerte verksemdar kan skape ein vinn-vinn- situasjon både for bedriftene og for samfunnet. Nyetableringane vert tilført ressursar, etablerte verksemdar vert endå meir konkurransedyktige og samfunnet tener på auka verdiskaping.
 8. Tilskotsordningar og risikokapital
 9. Nyetableringar og entreprenørskap
 10. Infrastruktur – samferdsel og digital infrastruktur
 11. Distrikts- og regionalpolitikk
 12. Internasjonalisering
 13. Næringslivets samfunnsansvar
 14. Forenkling
 15. Eigarskap – mangfald mellom eigarane

Vestlandsrådet

Norsk næringsstruktur

Medan vasskrafta la grunnlaget for oppbygginga av norsk industri i førre århundre, har olje- og gassverksemda vore ei viktig årsak til den sterke økonomiske veksten dei siste tjue åra. Olje- og gassutvinning har stått for ein aukande andel av verdiskapinga i Norge sidan 1970. I 2012 sto sektoren for 26 % av samla verdiskaping i landet.

Små og mellomstore foretak utgjer om lag 99 % av alle foretak og stod i 2011 for nesten 60 % av omsettinga i privat sektor eksklusiv oljesektoren. I 2012 var det registrert i underkant av 374 000 foretak i Norge. Av foretaka med sysselsette har 60 % mellom ein og fire tilsette , og 90 % har mellom 1 og 20 tilsette. I 2012 sysselsette små og mellomstore bedrifter 56 % av den totale arbeidsstokken i norske bedrifter.

Utfordringar

Kunnskapsintensive næringer:

Endringar i næringsstruktur har konsekvenar for korleis arbeidsplassane fordeler seg i landet. Veksten i kunnskapsintensive næringer har i hovudsak skjedd i sentrale strøk. Andelen som er sysselsett i privat tenesteyting er 40 % i sentrale strøk og 25 % i spredtbygde regionar. Varehandel, privat og forretningsmessig tenesteyting er i monaleg grad lokalisert til byar og tettbygde regionar. Men kompetansearbeidsplassutvalet meiner at det er vesentleg for regional og nasjonal verdiskaping at det vert lagt til rette for omstilling til kompetanseintensiv verksemd i heile landet.

Digital infrastruktur:

Utbygging av den digitale infrastrukturen, særleg utbygging av Internett , vil vere eit nødvendig tiltak for å auke bu- og etableringslyst generelt. Lukkast vi med utbygging av hensiktsmessig infrastruktur og med å etablere arbeidsmarknader som trekkjer til seg kompetent arbeidskraft, er det lagt eit godt fundament for vidare verdiskaping i heile landet.

Kunnskap og forskning:

I eit verdiskapingsperspektiv er forskning viktig fordi det kan legge grunnlag for å finne nye måtar å få fram eksisterande produkt til lågare kostnader eller skape nye varer eller tenester som det er, eller vert etterspurnad etter. Samtidig er næringslivsretta forskning av natur karakterisert ved stor grad av usikkerheit om det faktisk vil føre fram til noko som kan kommersialiserast og såleis gje lønsame innovasjonar.

Ressursar er knappe i alle økonomiar. For forskingspolitikken sin del betyr dette at trass i auka satsingar og eit internasjonalt forskarmiljø, er tilgangen på ressursar begrensa.

Næringsklynger:

Det er regjeringa sin politikk å prioritere og vidareutvikle våre fortrinn på område der vi har naturgjevne føresetnader, kompetanse og ekspertise, og kor vi allereie har utvikla leiande klynger og teknologimiljø. I ei globalisert verd med stadig tøffare

Vestlandsrådet

konkurransen ligg den innovasjonspolitiske utfordringa i å få fram insentiv som gjer at dei mest innovative og produktive bedriftene og bransjane kan vekse. Innovasjon Norge har starta arbeidet med å utvikle og vurdere eit nytt heilskapleg programtilbod for klynger som skal bygge vidare på hovudelementa i dagens tilbod. Nokre av dei viktigaste ambisjonane er å vidareutvikle lærings- og utviklingsprosessane i klyngene, forbetre samspelet mellom klyngene og relevante forskings- og innovasjonsprogram og å forsterke klyngene si internasjonale orientering. Det er viktig å støtte til samarbeid mellom klynger både innafor og på tvers av verdikjedar.

Samarbeid mellom små og store bedrifter:

Nye og innovative bedrifter står for ein stadig større andel av samla sysselsetting og verdiskaping, både i Norge og andre land. Nyetableringar baserer seg ofte rundt nye produkt og ny forståing av marknaden. Samtidig manglar dei ofte kompetanse og nettverk som etablerte bedrifter sit inne med. Eit godt samarbeid mellom oppstartsedrifter og etablerte verksemdar kan skape ein vinn-vinn-situasjon både for bedriftene og samfunnet. Nyetableringane vert tilført ressursar, etablerte verksemdar vert endå meir konkurransedyktige og samfunnet tener på auka verdiskaping.

Helse- og velferdsteknologi:

Norsk næringsliv kan ta del i det store verdiskapingspotensialet som ligg på dette området. Regjeringa vil halde på eit sterkt offentleg helse- og omsorgstilbod. Samstundes er det store moglegheiter for bedrifter som ønskjer å levere varer og tenester til desse offentleg organiserte sektorane. Offentleg sektor kan bidra til betre og tryggare tenester, større effektivitet og næringsutvikling ved å foreta gode og innvasjonsfremjande innkjøp. For at dette kan skje må offentleg sektor mellom anna ha ein effektiv marknadssdialog framfor innkjøp.

Politikkområder for Vestlandet

Digital infrastruktur:

Nødvendig med auka satsing for at heile landet kan takast i bruk for økonomisk verdiskaping.

Tiltak

Felles politikk for å utvikle nødvendig kapasitet av digital motorveg samt utvikling av eit kraftig forgreiningssnett.

FoU og innovasjon:

Det er viktig med meir bruk av forskning og utvikling av ny teknologi / tenester. Det er ei stor utfordring med den næringsstruktur vi har i dag. 60 % av verksemdene i landet har mellom 1 til 4 tilsette. 90 % av verksemdene har mellom 1 og 20 tilsette. Mange av desse bedriftene har utviklingskraft men ikkje kunnskap om eller økonomiske musklar til å etterspørje FoU.

Vestlandsrådet

Tiltak

Opprette Innovasjonssenter i kvart fylke. Innovasjonssentera skal;

- Drive oppsøkjande verksemd overfor små og mellomstore bedrifter og informere / verte informert om aktuelle utviklingsprosjekt og behov for samarbeidspartar.
- Kople aktuelle samarbeidspartar med nedslagsfelt på heile Vestlandet
- Motivere til større samhandling mellom små og mellomstore verksemdar om konkrete FoU- og innovasjonsprosjekt
- Ha eit nært samarbeid med Innovasjon Norge, kommunalt- og fylkeskommunalt næringsapparat samt SIVA / Kunnskapsparkar / Inkubatorar
- Ha eit nært samarbeid med Innovasjonssentera i alle vestlandsfylka.
- Kurse næringslivet i immaterielle verdiar, eigarskap og tillit som ein føresetnad for samarbeid
- Tilføre bedriftene erfaringane frå næringsklynger om lærings- og utviklingsprosessane
- Vere bindeleddet mellom næringsliv og FoU institusjonane for å sikre næringsretta forskning
- Etterspørje kjøp av privat tenesteyting frå heile Vestlandet for å sikre best mogleg kompetansetilgang

Opprette 3 - 5 årig engasjementstilling som koordinator mellom innovasjonssentera på Vestlandet. Målet er å sikre at næringslivet på vestlandet får større tilgang til marknaden og delta i passande utviklingsoppgåver i heile regionen.

Helse- og velferdsteknologi:

Vestlandet sitt næringsliv kan ta del i det store verdiskapingspotensialet som ligg på dette området.

Tiltak

Syte for at innkjøpsavdelingane hos fylkeskommunane legg til rette for meir effektiv næringsretta innkjøpspolitikk.

Motivere lokalt næringsliv til å inngå utviklingsavtaler med offentleg sektor innan Helse- og velferdsteknologi

Nyskaping:

Legge til rette for at større bedrifter motiverer tilsette til etablering av eiga verksemd der del av marknaden er som underleverandør til eksisterande bedrift. Etablerte bedrifter kan delta med kunnskap og relasjonsnettverk.

Tiltak

- Syte for at kommunalt næringsapparat og Innovasjon Norge har dette på dagsorden i sine møte med lokalt næringsliv.
- Syte for gode koplingar mellom UoH - sektoren og næringslivet. Legge tilrette for at resultat av forsknings-og utviklingsarbeid vert kommersialisert. Utvikla inkubatortilbodet i alle fylka.

Kunnskapsintensive næringer:

Sikre tilstrekkeleg tilgang på kvalifisert arbeidskraft i alle ledd. Dette er nødvendig for at bedrifter skal ha tillit til å motivere tilsette til å starte eiga verksemd utan at ein tappar dei for kunnskap og kompetanse.

Vestlandsrådet

Tiltak

Tilrettelegge for auka bruk av TAF-løp i samarbeid med bransjerelaterte større bedrifter.

Anbefalte tiltak:

1. Vestlandsrådet skal arbeide for å få utbygd nødvendig kapasitet av digital motorveg samt utvikling av eit kraftig forgreiningsnett.
2. Vestlandsrådet skal arbeide for oppretting av Innovasjonssenter i kvart fylke. Innovasjonssentera skal drive oppsøkjande verksemd overfor små og mellomstore bedrifter og informere / verte informert om aktuelle utviklingsprosjekt og behov for samarbeidspartar.
3. Vestlandsrådet skal ta initiativ overfor fylkeskommunane til oppretting av 3 - 5 årig engasjementstilling som koordinator mellom innovasjonssentera på Vestlandet.
4. Vestlandsrådet skal arbeide for at Vestlandet sitt næringsliv kan ta del i det store verdiskapingspotensialet som er innan helse- og velferdsteknologi.
5. Vestlandsrådet skal arbeide for at større bedrifter motiverer tilsette til etablering av eiga verksemd.

Forslag til vedtak:

Meldingene tas til orientering

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.